

2011– Eit greitt år for åkerrikxa og første påviste hekking sidan 2008.


Bestand

Det vart rapportert inn 166 syngande hannar for hekkesesongen i 2011. Dette er ein fin oppgang på 230 % frå 2010, då talet på syngande hannar vart estimert til 72. Det er heller ikkje langt unna det gode året 2009, som hadde 200 syngande hannar. Det er også eit av dei fem beste åra sidan Norsk Ornitologisk Foreining (NOF) starta åkerrikseprosjektet i 1995. For første gong etter at Fylkesmannen i Rogaland overtok koordineringa av prosjektet i 2008 er det påvist hekking.

Ettersom åkerriksene ofte flyttar på seg, og dermed kan registrerast fleire gonger, er den reelle bestanden likevel ikkje større enn mellom 64 og 78 individ, jf. Mikkelsen (2010). For å kunna samanlikna med tal frå tidlegare år, har me i denne rapporten summert talet på syngande hannar (166), men på sikt er det meininga å sjå på bestandstrendar med bestandstal rekna ut etter Mikkelsen 2010.

Feltaktiviteten på prosjektet har stort sett vore på same nivået som dei to føregåande åra, så oppgang og nedgang i populasjonen dei siste tre åra kan ikkje skuldast på ulik feltinnsats (Ranke & Øien 2012). På same måten som nedgangen i 2010 vart tolka som reell, vert også oppgangen i 2011 tolka som reell.

For Sør-Vestlandet var det ikkje den store endringa frå 2010, men på Austlandet var det ein fin oppgang i alle fylka rundt Oslofjorden (+ Oppland). Oslo og Akershus var beste fylke med til saman 51 syngande hannar. Rogaland kom med 20 åkerrikser i 2011 ut som nest beste fylke, med berre ei åkerrikse meir enn året før. Berre i dei to nordlegaste fylka vart det ikkje observert åkerrikse i fjor, og berre i eitt fylke hadde talet på syngande åkerrikser gått ned frå 2010 (Hordaland frå 6 til 4).



Tabellen viser utviklinga i den norske åkerriksebestanden etter at Norsk ornitologisk foreining (NOF) starta overvaking av bestanden i 1995. Fram til 1995 hadde bestanden vore utsett for ein massiv nedgang, og var på eit minimum då prosjektet starta (Folvik & Øien 1995).

På byrjinga av 2000-talet, hadde bestanden ein opptur (Isaksen et al. 2004, Isaksen 2006). Oppturen var truleg ikkje eit resultat av betra reproduksjon i Noreg. Han var truleg heller eit resultat av påfyll frå Aust-Europa på grunn av gunstige tilhøve der, kombinert med gunstig vêr og søraustlege vindar frå søraust.

I 2010 kunne ein kanskje skulda nedgangen på dårleg vêr og nordlege vindar under trekket, slik at mange åkerrikser slo seg ned før dei kom fram til Noreg. Sjølv om det også i 2011 var mykje regn i slutten av mai – byrjinga av juni, var ikkje vindane jamt over så nordlege som under trekket i 2010. Dette kan ha medverka til at åkerriksene har kome fram til Norge.

Hekking

I 2011 fekk me inn rapportar om to konstaterte hekkingar. Den eine av desse var på Vega i Nordland, der ein vaksen fugl med 5 svarte kyllingar vart observert i ein hage dagen etter at nabojordet vart slått med beitepussar.

Den andre rapporten var av 4 ungar som vart observert i ein hage i Vestfold. Området hadde tidlegare i sesongen hatt 4 syngande åkerriksehannar.

I 11 tilfelle vart det rapportert om moglege hekkingar. Nesten alle desse var frå Akershus, medan 2 var frå Telemark, og ei frå Vestfold.

Frå resten av landet vart det ikkje rapportert om hekking, eller sterke indikasjonar på dette. Grunnen til at det ikkje vart rapportert om fleire hekkingar, kan vera at det er svært vanskeleg å finna reir av åkerrikse. Det kan difor ha vore hekkingar som ikkje har vorte påviste.

Ein åkerriksehann som har fått para seg, kan fort gå over til å synga mykje mindre enn tidlegare. I mange tilfelle kan han også forsvinna heilt, ettersom det er hoa som rugar eggane og passar på kyllingane den første tida. Hannen vil vera tent med å flytta seg til ein annan stad for å forsøka å tiltrekka seg ei ny hoe. Dersom ein vurderer hekking ut frå songåtferd, kan det difor vera snakk om mange fleire hekkingar, men desse vil me aldri få påvist.

Metode

Norsk Ornitologisk Foreining (NOF) hadde ansvaret for innsamling og vurdering av observasjonar. Kjerneområde i dei tre utvalde fylka (Oslo og Akershus, Hedmark og Rogaland) vart overvaka systematisk for å fanga opp alle syngande hannar i området. NOF hadde også ansvaret for å samla inn og verifisera meir perifere område i desse fylka, samt resten av landet. Fylkesmannen i Rogaland hadde ansvaret for å sjekka opp rapportar som kom inn i web-skjema på www.akerrikse.no samt å leggja desse inn i Artsobservasjonar, eller vidareformidla dei til rett fylke. Alle observasjonane vart lagde inn i fuglemodulen i Artsobservasjonar, og kunne dermed hentast ut ved behov. Fylkesmennene i Rogaland, Hedmark, Oslo og Akershus, samt Østfold, gjekk direkte inn i Artsobservasjonar for å henta ut observasjonar frå fylka sine. Dei andre fylkesmennene fekk observasjonane vidaresendt frå fylkesmannen i Rogaland når dette var aktuelt.

Fylkesmennene hadde deretter ansvaret for å vidareformidla og følgja opp observasjonane i sitt fylke. I dei aller fleste tilfella gjekk dette ut på å informera kommunen og be han om å kontakta grunneigarar/leigetakarar for å informera desse om at dei hadde åkerrikse på eigedommen sin, og oppfordra dei til å setja i verk tiltak for å ta vare på henne. Same ansvarsrekkja gjaldt for å informera om diverse tilskotsordningar, samt sørgja for at desse vart utbetalte der det vart sett i verk tiltak.

Tiltak og erstatning

Utsett slått og åkerriksevennleg slåttmønster

Også i 2011 vart det satsa på ulike tiltak. Størst var satsinga på utsett/avstått slått av areal kor det vart observert åkerrikse. Seks fylke fekk gjennomført slike tiltak, og totalt 17 åkerrikser vart forsøkt sikra. (Rogaland: 6, Vestfold: 5, Østfold: 2, Møre og Romsdal: 2, Akershus: 1 og Hordaland: 1).

Dette utgjorde eit totalt areal på 222,9 dekar som ikkje vart slått til vanleg tid. Gjennomsnittleg areal sett av til kvar åkerrikse var på 13,1 dekar. Alle tiltaka med utsett slått vart gjennomførte på dyrka mark med slåtteng, men nokre få var kombinert med beitemark. Den utsette slåtten vart som oftast kombinert med åkerriksevennleg slåttmønster.

I tillegg vart slåtten gjennomført etter åkerriksevennleg mønster for 10 åkerrikser der det av ulike årsaker ikkje vart avsett areal.

Eit ukjend tal åkerrikser sat i areal som var verna, låg brakk, eller som ikkje skulle slåast av andre grunnar. Desse vart difor vurderte til å sitja trygt, og tiltak vart sett på som unødvendig. Vi har ikkje fått innrapportert hekkingar sortert på slike areal for 2011.

På grunn av den fuktige sommaren og hausten i 2011, hadde bøndene i dei fleste fylka problem med å få slått gras og treska kornet til normal tid. Dette kan ha vore ein fordel for åkerrikse, og i svært mange tilfelle har det på grunn av dette ikkje vore behov for å setja i verk tiltak. Det er derimot uvisst kva direkte effekt det våte véret har hatt på åkerriksene og hekkesuksessen deira.

Alle bøndene som utsette slåtten fekk utbetalt erstatning for avlingstap. Til 2010-sesongen vart det i samarbeid mellom Fylkesmannen i Rogaland og Bondelaget utarbeidd forslag til satsar for erstatning. Desse satsane vart også brukte i 2011. Satsane var stort sett dei same som for 2010, d.v.s. 1500 kr/daa for tre tapte slåttar, og 1000 kr/daa for to tapte slåttar. I tillegg vart det utbetalt erstatning for ekstrautgifter med åkerriksevennleg slått i samband med utsett slått, der kor dette var aktuelt. Ettersom det ikkje var aktuelt å setja av utreska areal i kornåkrar, vart det heller ikkje utbetalt erstatning til dette.

Totalt vart det utbetalt 188.360,- kroner i erstatning til utsett slått og åkerriksevennleg slåttmønster. Medan det meste av erstatningane i 2009 gjekk over SMIL-budsjettet i kommunane, vart erstatningane i 2010 og 2011 i dei fleste tilfella delte mellom SMIL (60%) og pengar frå handlingsplan for åkerrikse (40%). I eitt tilfelle kor det ikkje lot seg gjera å bruka SMIL, vart det nytta reine handlingsplanmiddel. I 2 tilfelle vart det berre nytta SMIL-middel, og i 2 andre kommunar vart det nytta både SMIL-pengar, handlingsplanspengar, samt andre middel.

I samråd med Bondelaget har Fylkesmannen i Rogaland også laga ein mal for avtalar mellom kommunen og bonden som skal gjennomføra tiltak. Dette verktøyet har gjort prosessen rundt tiltak og erstatning ryddigare og meir samordna.

Åkerriksevennleg drift på bakgrunn av avsett areal på grunn av åkerrikse året før

I 2009 vart det i eitt tilfelle avsett areal til åkerriksevennleg drift på bakgrunn av eigna habitat, kombinert med åkerrikse tidlegare år. Arealet kunne ikkje tilverkast før etter 1. august, og det kunne heller ikkje gå beitedyr på området før 1. august. Målet var å laga eigna habitat i eit aktuelt område, som skulle tiltrekka seg åkerrikse.

Det vart ikkje observert åkerrikse på dette arealet i 2009, og for å målretta tiltaket meir, vart kriteria i 2010 endra til å berre gjelda område kor det sat åkerrikse året før, og som hadde fått avsett areal då. Ordninga er berre aktuell på Vestlandet, ettersom åkerriksene på Austlandet i mindre grad kjem tilbake til det same jordet år etter år.

Dersom det ikkje vert observert åkerrikse innan 10. juli, kan bonden gjerne slå graset før 1. august, og tilskotet vil verta endra deretter.

Denne ordninga vart ikkje nytta i 2011.

Langsiktig sikring av areal

Arbeidet med å sikra gode areal for åkerrikse på lang sikt, vart dessverre ikkje prioritert i 2011.

Med bakgrunn i meldingar om åkerrikseobservasjonar dei siste tre åra, vart eit område på om lag 23 dekar regulert inn som "spesialområde åkerrikse" på Vibrandsøy i Haugesund, Rogaland i 2009. I tillegg vart eit større areal regulert til naturvernområde. Området nord for "spesialområdet åkerrikse" kan vera aktuelt som utvidingsområde. Her er det sauebeite i dag.

Heile Vibrandsøya vart i september 2009 kjøpt opp av Haugesund kommune for friluft- og naturformål. Miljøverndepartementet donerte halvparten av summen, 7,5 millionar, til oppkjøpet. Det var difor gledeleg at det også i 2010 vart observert åkerrikse i hekketida på Vibrandsøy. I 2010 byrja Haugesund kommune arbeidet med forvaltningsplan for Vibrandsøy. Ein ventar framleis på utkast til skjøtselsplan for åkerrikseområdet.

I Rælingen, Akershus, vart det i 2009 sett i gang langsiktige tiltak på Fautøya i Nordre Øyeren. I samband med forvaltningsplanarbeidet for Nordre Øyeren naturreservat, la fleire bønder, som tidlegare hadde drive med kornproduksjon på Fautøya, om til grasproduksjon. 2009 gjekk i hovudsak med til restaurering, og i 2010 og 2011 vart dei 110 dekar drive på ein måte som legg til rette for hekking av åkerrikse og andre raudlista kulturlandskapsartar. Arealet vart ikkje slått eller beita før etter 1. august. For 2011 vart det utbetalt driftsstøtte til Fautøya frå støtteordningar i landbruket.

Informasjon

Vinteren 2008-2009 vart det produsert informasjonsmateriell for handlingsplanen. Materiellet inkluderte 8000 brosjyrar, 1500 plakatar, 3 roll-ups og 2000 jakkemerke med åkerrikselogo på.

Informasjonsmateriellet har vorte distribuert til organisasjonane me samarbeider med (NOF og Bondelaget), samt til alle fylkesmennene. Fylkesmennene i dei tyngste fylka har distribuert dette vidare til kommunane sine, alt etter kor potensielle desse er for åkerrikse. Fylkesmennene i dei tre viktigaste åkerriksefylka har også fått roll-up.

Også i 2011 vart det sendt ut supplerande brosjyrar, plakatar og jakkemerke til dei som hadde gått tomme. Elles ligg det eit restlager hjå Fylkesmannen Rogaland. Dette vil sendast ut etter behov.

I 2010 vart det også produsert skilt til oppsetjing der kor det vert sett av areal. Skilta forklarar prosjektet og kvifor enga/åkeren ikkje vert slått/hausta, og bonden slepp difor at folk mistenkjer han/henne for å vera ein dårleg og lat bonde.

Tidlegare år har det vore innslag om handlingsplanen og åkerrikse i lokale media. Sjølv om det ikkje var så mange slike innslag i 2011, har profileringa i media hatt god effekt og ført til at fleire i det ikkje-ornitologiske miljøet har meldt inn observasjonar av åkerrikse. Innslaga har også vore med på å spreia kunnskap om åkerrikse.

Direktoratet for naturforvaltning produserte i byrjinga av 2010 t-skjorter for alle handlingsplanane for trua artar. Fylkesmannen i Rogaland har no distribuert ut alle desse, og

beholdninga er no dessverre tom. T-skjortene med åkerriksemotiv vart distribuert til ulike personar knytt til prosjektet, og til personar som kunne spreia blæst om prosjektet. Mellom anna fekk Knut Nærum i Nrk-programmet «Nytt på nytt» tilsendt ei t-skjorte. Denne brukte han i programmet den 5. mars 2010.

Forsking

I 2009-2010 skreiv to studentar ved Universitet for miljø og biovitenskap (UMB) masteroppgåve om åkerrikse (Holtskog 2010, Mikkelsen 2010). I 2011 gjennomførte Holtskog også eit prosjekt for å forsøka å påvisa hoer i bestanden. Dette gjorde han ved å fanga inn så mange hannar som mogleg, for så å håpa på at hoene ville visa seg. Det vart ikkje funne nokon hoer, og kjønnsfordelinga i populasjonen er difor framleis uviss (Holtskog & Forus 2011). Hekkinga på Vega og i Vestfold kan likevel tyda på at det finst nokre hoer her.

Konklusjon

2011 var eit bra år for åkerrikxa, med 166 registrerte syngande hannar. Det var også to konstaterte hekkingar. Mykje kan tyda på at den dårlege sesongen i 2010 kunne skuldast dårlege vértilhøve under trekket, slik at mange av åkerriksene aldri kom fram til Noreg. Desse vérfaktorane var ikkje så gjeldande i 2011, og fleire åkerrikser kom difor fram til hekkeklassane her i landet.

Resultata frå studia til UMB-studentane viser samstundes at det truleg er ein god del færre åkerrikser enn det teljingane viser, ettersom åkerriksene kan flytta seg over store avstandar, og dermed verta talte fleire gonger (Mikkelsen 2010). Mikkelsen utarbeidde ein metode for å sannsynleggjera reelle tal ut frå tid- og stadfesta registreringar, og med denne metoden har det i 2011 vore mellom 64 og 78 hannar i Noreg. Dette er ein stad mellom 39% og 47% av talet på innrapporterte syngande hannar.

Sjølv om det vart konstatert hekkingar i 2011, og talet på åkerrikser gjekk opp, kan ein framleis ikkje seia at framtida til åkerrikxa i Noreg er sikra. På raudlista er ho framleis oppført som «kritisk trua» (Kålås et al 2010). Det er for tidleg å dra endelege konklusjonar rundt prosjektet, og resultata av iverksette tiltak vil ikkje kunna sjåast før om tidlegast nokre år. Mykje tyder likevel på at ein i tillegg til å utsetja slåtten, bør satsa meir på alternative tiltak for å bevara åkerrikxa i åra framover.

Det meste av arbeidet gjekk i 2011 ut på registrering, samt å kontakta bønder for å informera og få gjennomført tiltak.

Det vart gjennomført tiltak i 8 fylke. Kommunar og grunneigarar vart i stor grad kontakta og informerte om åkerrikxa og aktuelle tiltak. For 17 åkerrikser vart det sett av areal som ikkje vart slått (eller, i eitt tilfelle brakka) og for om lag 10 åkerriksene vart det gjennomført åkerriksevennleg slått.

Referansar

Direktoratet for naturforvaltning 2008. Handlingsplan for åkerrikse *Crex crex*. Rapport 2008-3. 44 s.

Folvik, A. & Øien, I. J. 1995. Åkerrikxa i Norge 1995: Bestandsstatus og tiltaksplan. NOF rapport 2-1995. 49 s.

Holtskog, T. 2010. Habitatvalg og bestandsanalyse av åkerrikxa i Norge. Masteroppgave i natur, helse og miljøvern, Høgskolen i Telemark, avd Bø. 26 s.

Holtskog, T. & Forus, S.A. 2011. Åkerrikseprosjektet i Rogaland 2011.

Isaksen, K., Eie, K., Folvik, A. & Øien, I. J. 2004. Kartlegging og overvåking av åkerrikse. NOF rapport 7-2001. 38 s.

Isaksen, K. 2006. Åkerrikse i Norge: Kunnskapsstatus og forslag til nasjonal handlingsplan. NOF rapport 1-2006. 49 s.

Kålås, J. A., Gjershaug, J. O., Husby, M., Liffjeld, J., Lislevand, T., Strann, K-B. & Strøm, H. 2010. Fugler Aves. s.419-430. I: Kålås, J. A., Viken, Å., Henriksen, S. & Skjelseth, S. (red.). 2010. *Norsk rødliste for arter 2010*. Artsdatabanken, Trondheim. 480 s.

Mikkelsen, G. 2010. Individuelt karakteristisk sang av åkerrikse *Crex crex* avdekker langdistanse-forflytninger innen hekkesesongen. Institutt for naturforvaltning, Universitetet for miljø- og biovitenskap, Ås. 44 s.

Ranke, P. S. & Øien, I. J. 2012. Kartlegging og overvåking av åkerrikse i 2011. NOF-notat 2012-13. 13 s.